





Utviklingsplan 2025-2026

Bryne skule



Innhald

Innleiing.....	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa	3
Overordna del av læreplanen.....	3
Kommunale strategiar og planar	4
Utviklingsområde 2024-2025	6
Vurdering av utviklingsområda inneverande år	7
Utviklingsområde 2025-2026	8
Utviklingsmål og tiltak 2025-2026.....	9

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eit godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringsa

Kommunale strategiar og planar

I «[Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#)» er følgjande fem satsingsområde del av å definera retning mot felles mål i Oppvekst:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebygging og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

I [Kvalitetsmelding for Timeskulen 2025](#) er det sett følgjande målsettingar ut frå satsingsområda i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som skulane skal jobba mot:

Læringsresultat:

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for forebygging og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Resultata i rekning på 5. trinn skal vera på nasjonalt nivå på alle skulane.
- Resultata i lesing skal vera på nasjonalt nivå på 8. trinn.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

Læringsmiljø

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrte og inkludert.

- Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn Mål 1 Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Auka handlingsrom i skulane

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Tiltak Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2025 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig blir fleire individuelle vedtak. Delmål på vegen i 2026 er at talet på barn med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (§11-6) og personleg assistanse (§11-4) og omfang i timar er halvert i alle verksemdar.

«Laget rundt læraren og eleven» utarbeider årlege handlingsplanar (canvaser) som skal vera tett kopla til utviklingsplanen. Aktuelle tiltak som LLE skal gjennomføra, og bidra med i arbeid mot målsettingar knytt til læringsresultat og læringsmiljø skal skrivast inn i kolonna som har tittelen *Tiltak* i skjemaet for komande utviklingsområde.

Utviklingsområde 2024-2025

Følgande var utviklingsområde for Bryne skule skuleåret 2024-2025 (henta frå tidl. plan):

- Læringsresultat
 - Gjennomføra, oppretthalda og vidareutvikla rammeverket i lesing. Tilsette på skulen skal arbeida i tråd med Leseårshjulet, og me skal bruka PU til kompetanseheving og strukturering av dette arbeidet.
 - Laga plan for kompetanseheving ift omgrepsstøttande undervisning (kollegiet må vera med å gje innspel på denne - leseårshjul)
 - Lagånd på skulen og i klasserommet, fagleg og sosialt
- Læringsmiljø
 - Sikra trygt og godt skulemiljø - oppretthalda og vidareutvikla Olweusarbeidet, systematisera og gjennomføra Klassetrivsel.
 - Mangfaldet på Bryne skule skal anerkjennast som ein ressurs og ikkje ei utfordring – fokus på Lagånd i elevflokk – LL1

I tillegg hadde Bryne skule desse måla for skuleåret 24-25:

Vidareutvikling av profesjonsfellesskapet og system/struktur på skulen:

- *Leiinga skal opplevast «tett på» for tilsette:*
 - Vera synlege ute på trinn (bl.a vera med i vaktplan)
 - Tilgjengelege
 - Rask gjennomføring av medarbeidarsamtaler tidleg i skuleåret
- *Implementering av ny opplæringslov*
 - Justere praksis i tråd med føringar om meir tilpassa opplæring i fellesskap vs. 1-1 oppfølging
- *Høgt fokus på etablering og vedlikehald av system/strukturar for å sikra god arbeidsflyt og kapasitet på skulen.*
- *Stikkord:*
 - Rammeverk i lesing
 - Kvalitetsplan for inkluderande skulemiljø
 - Oversiktelege og godt forankra planar for PU-tid og anna møtetid på skule

Vurdering av utviklingsområda inneverande år

Skulen sine mål om å vidareutvikla profesjonsfellesskapet og gjennomgå system/struktur på arbeidsflyten i organisasjonen har vore viktig. For Bryne skule har det vore viktig å styrka den daglege kapasiteten for god forvaltning og dagleg drift. Dette har styrka trua i organisasjonen på at skulen er i “trygge hender” og har rusta kollegiet til å stå stødigare i utfordringane som naturleg er i ein skule. Dette arbeidet er godt på sporet, men vil vera viktig å oppretthald a for å styrka kapasiteten i organisasjonen endå meir.

Læringsmiljø

Utviklingsmål om å vidareutvikla trygt og godt skulemiljø har bore frukt. Skulen har god utvikling både med omsyn til trivsel og resultat i Olweus undersøkinga. Igjen er systematikk og god struktur viktig å oppretthalde og vidareutvikla også komande skuleår.

Skulen si satsing på Lagånd og mangfald har vore svært viktig og nødvendig. Me ser at dette fokus bør vidareutviklast endå meir og få endå større plass på skulen vår. Som den sentrumsskulen Bryne skule er, vil det med å styrka skulen som eit inkluderande mangfald vera ei sentral satsing og eit viktig fokus også komande skuleår.

Læringsresultat

Skulen sine resultat viser generelt ein positiv trend/utvikling. Vårt særlege fokus på å halde i rammeverk og struktur har vore bra, og dette vil vera eit fokus også komande skuleår.

Basert på kommunale prosessar knytt til ITO-satsinga “Frå individ til fellesskap”, vil Bryne skule komande skuleår leggja ekstra vekt på å vidareutvikle omgrepsstøttande og inkluderande undervisningspraksis. Me vil særleg satse på å etablere intensiv kurs-opplæring på alle trinn i språk/begrep og matematikk. Me trur dette vil gje oss mange erfaringar som kan hjelpa oss vidare, og dreie endå meir av våre ressursar frå individ til fellesskapet.

Utviklingsområde 2025-2026

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag, har Bryne skule valgt følgande satsingsområder for skuleåret 2025-2026:

Våre elevar skal rustast til å ha lyst på livet og evne til å meistra det.

- **Læringsresultat**

- Gjennomføra, oppretthalda og vidareutvikla rammeverket i lesing. Tilsette på skulen skal arbeida i tråd med Leseårshjulet, og me skal bruka PU til kompetanseheving og strukturering av dette arbeidet.
- Utvikla kursmodell som gjev intensivopplæring til elevar som treng det på 2.-7.trinn.
 - ◆ Målsetjing: Jamnleg vurderingsarbeid på kvart trinn som til ei kvar tid gjev oversikt over den enkelte elev sin faglege ståstad. Dette vurderingsarbeidet dannar grunnlag for kva elevar som får tilbod om å delta i intensiv-kurs.

- **Læringsmiljø**

- Sikra trygt og godt skulemiljø - oppretthalda og vidareutvikla Olweusarbeidet, systematisera og gjennomføra Klassetrivsel på alle trinn.
- Lagånd på skulen og i klasserommet
 - ◆ Mangfaldet på Bryne skule skal anerkjennast som ein ressurs og ikkje ei utfordring – fokus på Lagånd i elevflokket – LL1

I tillegg har Bryne skule desse måla for skuleåret 25-26:

- Vidareføra eit høgt fokus på system/strukturar for å sikra god arbeidsflyt og kapasitet på skulen.
 - Fortsetja arbeidet med å vidareutvikle og styrka forvaltningsstrukturen på skulen. Dette er viktig for å ha kapasitet til å møte dei utfordringane som er i elevgruppa og i ein stor skuleorganisasjon. Dette vil frigjera kapasitet hjå den enkelte lærar til oppfølging av kvar enkelt elev.
- Leiinga skal opplevast «tett på» for tilsette:
 - Bl.a. vera synlege ute på trinn (bl.a vera med i vaktplan)

Utviklingsmål og tiltak 2025-2026

Grønne kolonnar: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonnar: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelege, relevante og tidsavgrensa

Effekt mål	Resultat mål	Delmål	Tiltak	Evaluerings/stopp punkt
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane og/eller LLE setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
Læringsmiljø	Olweusarbeid og Klassestrivsel	Skafe skulen/lærar god oversikt over elevgruppa og setja inn tiltak ved behov.	Gjennomføra Olweusundersøking og klassestrivsel og følge opp resultata eter analyse i profesjonsfellesskapet.	Våren 2026: evaluering av skuleåret som eit forarbeid til planlegging av neste skuleår.
	Lagånd	Kvar elev på Bryne skule skal og oppleve skulen som ein trygg stad å vera	Planlegga og gjennomføra jamnlege lagånd-tiltak på trinn og delta aktivt i Lagånd-veke våren 2026.	

		og læra. Alle elevar skal kjenna seg verdsette på Bryne skule!		
Læringsresultat	Rammeverk i lesing	Elevane på Bryne skule skal møta ei opplæring i tråd med oppdatert forskning og med varierte metodar.	På Bryne skule arbeider alle trinn i tråd med føringane i Time kommune sitt rammeverk for lesing. Me evaluerer og drøftar jamnleg eigen praksis i profesjonsfellesskapet.	Våren 2026: evaluering av skuleåret som eit forarbeid til planlegging av neste skuleår.
	Kursmodell	Alle elevane som treng ein ekstra fagleg boost skal får tilbod om dette gjennom kursmodellen vår.	Me skal ikkje ha ein “vente og sjå” haldning på Bryne skule. Jamnleg vurderingsarbeid skal gje oss god oversikt over elevane våre sin faglege ståstad. Elevar som treng intensiv boost/opplæring skal få dette gjennom kurs-modellen vår. Det skal vera vanleg å delta på kurs på Bryne skule.	

